

Lyseparken
Risiko- og sårbarheitsanalyse
Os kommune



Planid: 1243_2004030

Saksnr: 14 / 3561

Dato: 31.08.2018

Revidert: 28.06.2019

Innhold

1	<i>Forord</i>	3
2	<i>Metode</i>	4
3	<i>Omtale av planområdet</i>	7
3.1	Forhold ved utbyggingsformålet	7
3.2	Forhold til omkringliggende områder	11
4	<i>Identifisering av moglege uønskte hendingar</i>	13
5	<i>Vurdere risiko- og sårbarheit</i>	16
5.1	Store nedbørsmengder og urban flaum/overvasshandtering	16
5.2	Forureining – nedbørsfelt og vassdrag.....	18
5.3	Ulykker på veg	20
5.4	Trafikkstøy	22
6	<i>Identifisere tiltak for å redusere risiko- og sårbarheit</i>	24
7	<i>Samandrag og korleis analysen påverkar planforslaget</i>	27
8	<i>Kjelder</i>	28

Prosjekt: Lyseparken	Rapportdato: 31.08.2018, Revidert 28.06.2019
Plannamn: Lyseparken	Plannr. 1243_2004030 Saksnr. 14 / 3561
Rapportittel: Lyseparken – Risiko- og sårbarheitsanalyse	
Fylke: Hordaland	Kommune: Os
Stad: Lysekloster	
Samandrag:	
<p>Områdeplanen for Lyseparken femnar eit areal på 943 daa og opnar for om lag 700 000 m² BRA. Planområdet består av eit byggeområde i nord og eit i sør, delt av eit LNA-område.</p> <p>Urban flaum er vurdert som ein risiko for planområdet grunna tilrettelegging som fører til at store areal får tettare flater. Tette flater fører til hurtigare avrenning og dermed fare for urban flaum i området. For flaumfare er klimaendring den faktoren som er vurdert å ha størst innverknad på usikkerheita knytt til sannsynet for at ei uønskt hending skal oppstå. VA-rammeplan for Lyseparken er utarbeid etter til Os kommune sin overvassnorm med ein klimafaktor på 40%. Tiltak må følgast opp i planprosessen og under utbygging av planlagt tiltak. Det bør leggast særleg vekt på vidareføring av mål og blågrøne løysingar frå VA-rammeplanen og sikre dimensjonering av kulvertar og stikkrenner i samsvar med estimert framtidig dimensjonerande kortidsnedbør.</p> <p>Under anleggsfasen er det auka fare for forureining av nedbørselta nedstraums og dei sårbare våtmarksområda kring planområdet. Det er viktig at LNA-område ikkje blir forureina. LNA-område er viktig leveområde for planter, insekt og dyr. For å sikre at det ikkje vert forureining under anleggsarbeidet må bruk av kjemikaliar og drivstoff handterast varsamt, slik at det ikkje vert fare for at uønskte stoff renn ut i sårbarer område. Det bør nyttast elektriske (eller andre fossilfrie) anleggsmaskiner i den grad det er mogleg. I planføresegnene må det ligge føringar for korleis anleggsfasen skal sikre mot uønskte hendingar i anleggsfasen.</p> <p>I anleggsfasen vil det vere auka sannsyn for skogbrann. Anleggsarbeid aukar faren for skogbrann. Ein rår til at det under anleggsfasen alltid er brannsløkkingsutstyr i anleggsmaskiner.</p> <p>Sannsyn for trafikkulykker vil auke med auke i trafikkmengd. Som ein følgje at kommunen etablerer av Lyseparken, og det kjem nye bustadar like vest for Lyseparken, er det vurdert at sannsyn for trafikkulykker utgjer ein fare for vegnettet i og omkring Lyseparken. Avbøtande tiltak som ligg i reguleringsforslaget for Lyseparken er etablering av eit godt gang- og sykkelvegnett, låg fartsgrense, låg parkeringsdekning for bilar og ein høg andel kollektivtransport og god plass til syklar.</p> <p>Planområdet er utsett for støy frå trafikk på Fv. 161, E39 og internvegane. Støy som tema må følgjast opp i byggjesaker. Reguleringsføresegner bør sikre at krav i T-1442 og frå oppdaterte støyrapport vert følgt.</p> <p>Basert på risiko- og sårbarheitsanalysa og gjennomføring av samla opplegg for avbøtande tiltak som er innarbeidd i planen og i føresegnene <i>framstår planområdet som lite sårbart for uønskte hendingar</i>. Regulert LNA-område vert ståande. Tiltak mot forureining i anleggs- og driftsfasen sikrar naturmangfaldet.</p>	
Oppdragsgjevar: Os kommune	Forfattar: Helge Jørgensen Kvalitetssikrar: Sjur Frimann Hjeltnes

1 Forord

Ny E39 på strekninga mellom Svegtjørn i os kommune - Rådal i Bergen kommune er under utbygging. I samband med ny trasè for E39 er det planlagt etablering av eit nytt næringsområde og nokre bustadar i Endelausmarka. Nytt namn er Lyseparken. I samband med områdereguleringsplan for Lyseparken er det utarbeidd ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet. Det har tidlegare blitt utarbeidd ein ROS-analyse for reguleringsplan for næringsområde i Endelausmarka i 2012 og ein ROS-analyse for E39-prosjektet.

Plan- og bygningsloven §4-3 (Tabell 1) stiller krav om gjennomføring av ROS-analyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir tatt i vare og følgt opp. Ein ROS-analyse er ein systematisk og analytisk metode for å identifisera uønskte hendingar, vurdera sannsyn og konsekvens for at ei hending skal førekommme. ROS-analysen gjer òg framlegg om risikoreduserande eller skadeavgrensande tiltak for å redusere risikonivået. Analysen skal vurdere potensiell risiko- og sårbarheit og endringar i denne ved ny, foreslått arealbruk. I arbeidet med analysen nyttast tidlegare registreringar, synfaring i planområdet, og tilgjengelege fagutgreiingar.

ROS-analysar for reguleringsplanar skal følge opp ROS-analysen frå kommuneplanen sin arealdel, og fange opp og drøfte meir og detaljert kunnskap.

Tabell 1. Lov om planlegging og byggensaksbehandling, § 4-3 samfunnssikkerheit og risiko- og sårbarheitsanalyse.

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.

Der det er vurdert at det ligg føre potensiell risiko knytt til planlagt tiltak er det gjort framlegg om skadeavgrensande og risikoreduserande tiltak. Rapporten tar for seg problemstillingar som i reguleringsfasen er vurdert til å kunne krevja avbøtande tiltak i bygge- og driftsfasen. Ein har forsøkt å tilpasse analysen til det planleggingsnivået som ein områdereguleringsplan representerer. Der det ligg føre kjende detaljar om bygg, avstandar m.v. er analysen detaljert. Eit mål med risikoanalysen er at punkt som blir nemnt skal førast vidare i detaljprosjektering av bygg og anlegg og skal peike på problemstillingar som må følgjast opp i det vidare arbeidet.

Det kan dukke opp hendingar som ikkje er fanga opp i denne analysen. Anbefalinga vår er difor at det underveis vert gjennomført fortløpende risikovurderingar i gjennomføringa av prosjektet.

2 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også akseptkriteria i Kommuneplanens arealdel 2011 -2022 (Asplan Viak, 2011) og ROS 2017 (Os kommune, 2017).

Risiko= Sannsyn x Konsekvens => Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskte hendinga vil inntreffe
- Sårbarheitene ved systema som kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil eller kan få
- Usikkerheita ved vurderingane

Viktige omgrep:

Sannsyn: Eit mål for kor truleg det er at ei bestemt hending inntreffer i planområdet innanfor et gitt tidsrom

Sårbarheit: Vurderer motstandsevnene til utbyggingsformålet, samfunnsfunksjonane og ev. barrierar, og evna til gjenopprettning

Konsekvens: Verknaden den uønskte hendinga kan få i eit planområde eller utbygningsformålet

Usikkerheit: Omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga

Barrierar: Eksisterande tiltak, f.eks. flaum/skredvoll, sikkerheitssoner rundt farleg industri, eller varslingssystem som kan redusere sannsynet for og konsekvensen av ei uønskt hending.

Tiltak: I oppfølging av funn frå ROS-vurderinga kan det bli avdekkta behov for tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette kan være forbetringar i barrierar, eller nye tiltak.

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. Tryggleik omfattar befolkningas tryggleik og samfunnet si evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og vert knytt til konsekvenstypen «Stabilitet».

Tabell 2. Samfunnsverdiar og konsekvensar (DSB, 2017).

Samfunnsverdiar	Konsekvens
Liv og helse	Liv og helse
Tryggleik	Stabilitet
Eigedom	Materielle verdiar

ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklasser for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassa som utbyggingsformålet hører til, er det angitt eit nominelt årleg sannsyn, sjå Tabell 3.

Tabell 3. Førande vurdering av sannsyn.

Sikkerheitsklasse 1	Omfattar t.d. lagerbygg, uthus m.v.
Sikkerheitsklasse 2	Omfattar t.d. einebustad, tomannsmannsbustad, rekkehous/blokk og fritidsbustad med maks. 10 bueiningar, arbeids- og publikumsbygg, overnatningsstad der det oppheld seg maksimalt 25 personar, driftsbygningar i landbruket.
Sikkerheitsklasse 3	Omfattar rekkehous/blokk og fritidsbustad med meir enn ti bueiningar, arbeids- og publikumsbygg, overnatningsstad der det oppheld seg meir enn 25 personar, skule, barnehage, sjukeheim og lokal beredskapsinstitusjon som t.d. brann- og politistasjon, og infrastruktur med stor samfunnsmessig betydning.

I ROS-analysen vert sannsyn nyttta som eit mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntrefje innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. Sannsynsvurdering for PlanROS følgjer sannsynskategoriane til Os kommune (Os kommune, 2017), vist i tabell 4. Flaum og skred følgjer TEK17 sine sannsynskategoriar, vist i tabell 5 og 6.

Tabell 4 Sannsynsvurdering – PlanROS (Os kommune, 2017)

	Sannsyn	Intervall
5	Sær sannsynleg	1 hending pr år eller oftare
4	Mykje sannsynleg	1 hending per 1-10 år
3	Sannsynleg	1 hending per 10 - 100 år
2	Mindre sannsynleg	1 hending på 100 år eller noko sjeldnare
1	Lite sannsynleg	Mindre enn 1 hending per 1000 år


Tabell 5. Sannsynsvurdering for flaum og stormflo (TEK17).

F	Sannsynskategori	Tidsintervall	Sannsyn (per år)
F1	Høg	1 gang i løpet av 20 år	1/20
F2	Middels	1 gang i løpet av 200 år	1/200
F3	Lav	1 gang i løpet av 1 000 år	1/1000

Tabell 6. Sannsynsvurdering for skred (TEK17).

S	Sannsynskategori	Tidsintervall	Sannsyn (per år)
S1	Høg	1 gang i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	1 gang i løpet av 1000 år	1/1000
S3	Lav	1 gang i løpet av 5 000 år	1/5000

ROS-analysen blir utført etter dei fem trinna som er vist i Figur 1. Samlenemning for desse trinna er ein ROS-analyse.



Figur 1. ROS-analysen er ei samlenemning på de fem trinna (basert på DSB, 2017).

Tabell 7. Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens) for PlanROS (for flaum og skred, sjå tabell 5 og 6).

	Sannsyn	Intervall
5	Særs sannsynleg	1 hending per år eller oftare
4	Mykje sannsynleg	1 hending per 1-10 år
3	Sannsynleg	1 hending per 10 - 100 år
2	Mindre sannsynleg	1 hending på 100 år eller noko sjeldnare
1	Lite sannsynleg	Mindre enn 1 hending per 1000 år

Tabell 8. Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending (Os kommune, 2017).

Omgrep	Liv og Helse	Stabilitet	Materielle verdiar (økonomi)	Ytre Miljø	
Ubetydeleg	K1	Ingen eller små personskadar	Funksjon/system blir midlertidig sett ut av drift. Ikke trøng for reserveresystem	Skadar for inntil 100.000 kroner	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø
Ein viss fare	K2	Mindre skadar som treng medisinsk behandling. Kortare sjukefråvær	Funksjon/system blir ute av drift i <1 dag og >50 råka	Skadar for mellom 100.000 - 1 million kroner	Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid
Alvorleg	K3	Inntil 10 alvorlege personskadar, eller fleire mindre personskadar	Funksjon/system blir ute av drift i 1 - 2 dagar og mellom 50 - 200 råka	Skadar for 1 million - 10 millionar kroner	Store miljøskadar <1 års restitusjon
Kritisk	K4	Inntil 5 døde, eller inntil 25 alvorlege personskadar	Funksjon/system blir ute av drift i 2- 7 dagar og mellom 200 - 1000 råka	Skadar for 10 millionar - 150 millionar kroner	Alvorleg, miljøskadar > 1 års restitusjon
Katastrofalt	K5	Meir enn 5 døde, eller meir enn 25 alvorlege personskadar	Funksjon/system blir ute av drift i >7 dagar og >1000 råka	Skadar for meir enn 150 millionar kroner	Varig større skade på ytre miljø


Tabell 9. Risikomatrise. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens (Os kommune, 2017).

Liv og Helse					Stabilitet					Materielle verdiar (økonomi)					Miljø				
Konsekvens					Konsekvens					Konsekvens					Konsekvens				
Sannsyn	K1	K2	K3	K4	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5
S5	Grønn	Gult	Rød	Rød	Grønn	Gult	Rød	Rød	Rød	Grønn	Gult	Rød	Rød	Rød	Grønn	Gult	Rød	Rød	Rød
S4	Grønn	Gult	Rød	Rød	Grønn	Gult	Rød	Rød	Rød	Grønn	Gult	Rød	Rød	Rød	Grønn	Gult	Rød	Rød	Rød
S3	Grønn	Gult	Grønn	Rød	Grønn	Gult	Grønn	Rød	Rød	Grønn	Gult	Grønn	Rød	Rød	Grønn	Gult	Grønn	Rød	Rød
S2	Grønn	Grønn	Grønn	Gult	Grønn	Grønn	Grønn	Gult	Gult	Grønn	Grønn	Grønn	Gult	Gult	Grønn	Grønn	Gult	Gult	Gult
S1	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn	Grønn

3 Omtale av planområdet

Lyseparken er lokalisert i Endelausmarka i Lysefjorden, i Os kommune (Figur 2). Planområdet omfattar delar av ny trase for E39 i aust, Skogafjellet i sør og sørvest, fylkesveg 161 i vest og fjellet Lauvåsen i nord. Lyseparken omfattar eit areal på 943 daa, kor det vert planlagt for ei utbygging på om lag 700 000 m² BRA. Planområdet består av eit område i nord og eit område i sør, delt av eit LNA-område og ny fylkesveg mot Lysefjorden.

Ny E39, parsell Svegatjørn – Rådal ligg i den austlege delen av planområdet. Det er etablert ny veg som kryssar gjennom planområdet i ei sør–vestleg retning. Reguleringsplanen for E39 opnar for etablering av næring med kontor og industri, avgrensa handel og forretning, og ein mindre andel bustadar.



Figur 2. Planområdet ligg i Endelausmarka i Lysefjorden. Ny E39 er under utbygging, og ligg innanfor planområdet.

3.1 Forhold ved utbyggingsformålet

Topografien i området er kupert og består av eit naturområde med skog, mindre innsjøar, bekkar og fleire rike torv- og myrområde. Det lågast liggande området ligg på kote +53, og det høgaste punktet ligg på kote +114. I det sørvestlege hjørnet av planområdet er det i dag spreidd busettad.

3.1.1 Geologi

Bergartane i Lyseparken tilhører Gullfjellet Ofiolittkompleks, som utgjer ein stor del av den Store Bergens-bogen. Gullfjellet Ofiolittkompleks er opphavleg ei tidlegare havbotnskorpe som vart pressa inn på kontinentet under den kaledonske fjellkjededanninga. Bergartane bestod opphavleg av basaltisk lavabergartar med intrusjonar av mørk amfibolitt og lys trondhjemitt. Ofiolittkomplekset er folda og omdanna til skifre bergartar som består av grønstein/skifer, gabbro, amfibolitt og hornblendeskifer (Færseth et al, 2011).

I NGU sitt geologiske berggrunnskart for Endelausmarka er bergartane innanfor planområdet skildra som omdanna gabro med stadvis innslag av amfibolitt, og basalt. Eit lite område i den sørlege delen av planområdet består av trondhjemitt, tonalitt og kvartsdioritt (Figur 4).

Lausmassane i området er skildra i NGU sin kartdatabase som stadvis tynt lausmassedekke med torv og myrer. Tjukkleiken på lausmassedekket innanfor planområdet varierer, delar består av berg i dagen eller berre eit tynt dekke av humusjord. Lausmassane i forseinkingar varierer i djupne og kan vera nokre meter djupe med humus og moreneavsetningar. Dette samsvarar med resultata frå georadarundersøkingar (Geoscan, 2014). I dei lågast liggjande områda består lausmassane av eit tynt dekke med moreneavsetningar (Figur 5).

Aktsemdkart frå NVE er grove og fangar ikkje opp detaljar, mindre skrentar og skråningar. Dette medfører at skråningar på 30-50 høgdemeter ikkje alltid vil bli fanga opp i aktsemndskarta. Det er difor naudsynt å kontrollere om det innanfor eller eventuelt nært planområdet er mindre skråningar/skrentar med hellingsvinkel over 25°.


Basert på FKB-data, med kote-ekvidistanse på 1m, er det generert ein digital terrenngmodell (DTM) ved bruk av ArcGIS Pro. Ein digital høgdemodell er ein tredimensjonal digital representasjon av terrenget som gjer informasjon om høgde over havet i kvart punkt av datasettet. Skyggekart er ein visningsmåte av terrenngmodellen som gir et reliefkart av terrenget. Skyggekart terrenngmodellar med høg oppløysing er svært nyttige i geologisk skredkartlegging for å avgrense skredbaner, utløysingsområder, skredavsetningar m.m..

Terrenngmodellen har vidare blitt nytta til å berekne hellinga på terrenget og viser brattheit av terrenget for kvart punkt i datasettet i forhold til nabopunkta. Hellingsvinkel er ein av dei viktigaste parameterane for å definere *utløysingsområde* for skred. Hellingskartet i Figur 6 er delt i følgande klasser: 25° til 30° - moglege utløysingsområde for jordskred, 30° til 45° - moglege utløysingsområde for jordskred og snøskred, 45° til 60° - moglege utløysingsområde for snøskred og steinsprang, 60° til 90° - moglege utløysingsområde for steinsprang.


Det er nokre bratte skrentar innanfor planområdet som har ei terrenghelling på $30 - 45^\circ$. Høgda på skrenten er på det meste 29 m (Figur 6).

3.1.2 Vegetasjon


Planområdet består hovudsakeleg av barskog, med nokon spreidde opne område. Barskogen er i DSB sin database oppgitt til å bestå av ei blanding av eldre skog (41-80 år) og gammal skog (>81 år). Bonitetene varierer frå lav bonitet til høg bonitet (Norsk institutt for bioøkonomi, 2018).




Figur 3. Høgdelagskart som viser høgdefordelinga i terrenget. Høgaste punkt innanfor planområdet ligg på kote +114 og lågaste punkt er kote +53.



Figur 4. Geologisk kart. Planområdet består hovedsakelag av omdanna Gabbro og stadvis amfibolitt.



Figur 5. Lausmassekart. Planområdet består hovudsakeleg av eit tynt lausmassedekke, torv og myr.



Figur 6. Terrenghellinga over terrenget i planområdet viser at det er nokon få skrentar som kan ha ei potensiell fare for skred.

3.2 Forhold til omkringliggende områder


Planområdet ligg hovudsakeleg i eit urørt område, då med unntak av rigg-anlegg og vegareal for ny E39 tase og fylkesveg. Den sørlege delen av planområdet omfattar nokre eksisterande bustadar. I samband med Lyseparken er det planlagd ny fylkesveg frå planområdet og vidare mot vest til Helleskaret. Ny trase for E39 går gjennom planområdet i aust. I samband med planen må ein ta omsyn til noverande bustadar.

3.2.1 Trafikk

Langs planområdet går dagens trafikk hovudsakeleg langs Fv. 161 Lyseklostervegen. Størsteparten av denne trafikken er sannsynlegvis pendlartrafikk til/frå Os-Bergen sør. Delar av interntrafikken går via Ole Bulls Veg og fordelar seg vidare til krinsane i Lysefjorden. Fv. 161 har ein midlare ÅDT på 2500 (2017), mens Ole Bulls Veg har ein midlare ÅDT på 908 (2017).

For vegnettet i Lysefjorden er det registrert 38 ulykker i tidsrommet 1988 – 2018. Som illustrasjonen under syner, så er det i hovudsak bilulykker (68%) og lettare skadde (84%). Det er registrert ei dødsulykke i 2012 (Langedalen) kor ein syklist vart drepen i ei møteulykke (Figur 7).

Langs dagens E39 veg, har det i tidsrommet 1977 – 2018 vert 225 ulykker (innanfor Os kommune sine kommunegrenser) kor 77% har vore bilulykker og 8 dødsulykker. 82% av personskadane er klassifisert som lettare skadde langs E39 (Figur 7).



Figur 7. Ulykkesstatistikk langs internvegnettet i Lysefjorden og E39 innanfor Os kommune sine kommunegrenser (kjelde: Statens vegvesen).

I forbindelse med ny parsell for E39, er framtidig forventa trafikkmengd berekna til ÅDT 18 000 (Figur 7). I desse berekningane er ikkje Lyseparken medrekna (Sivilingeniør Helge Hopen, 2018).



Figur 8. Framtidig forventa trafikkmengd (ÅDT) etter etablering av ny E39 parsell og fylkesveg til Helleskaret. Auke trafikk frå Lyseparken er ikkje medrekna i figuren (Sivilingeniør Helge Hopen, 2018).

Etter full utbygging av Lyseparken, er nyskap trafikkmengd på døgnbasis rekna til ca. 7 000 ÅDT til/frå Lyseparken. I fordelinga av trafikken på tilstøytane vegnett er det rekna med ei trafikkskapning på ca. 5 – 6 000 ÅDT på Fv. 161 i austre del inn mot krysset med E39, og ca. 1 – 2000 ÅDT i vestre del (vest for Lyseparken) (Sivilingeniør Helge Hopen, 2018).

På grunnlag av pågåande reguleringsplanar vest for Lyseparken, er det utført framskrivingar av forventa auke i trafikkmengd som følgje av desse bustadområda. Det er forventa ca. 3000 nye bustadar vest for Lyseparken. Det er lagt til grunn at om lag 85% av trafikkskapningen frå desse bustadane vil gå via Fv. 161 gjennom Lyseparken. Kalkylar syner at dette kan gje ei gjennomgangstrafikk på lang sikt over 10 000 ÅDT på Fv. 161 (Sivilingeniør Helge Hopen, 2018).

Basert på føresetnad om full utbygging av Lyseparken med ca. 4000 - 12 000 arbeidsplassar og eit potensiale for 3 000 nye bustadar vest for Lyseparken med hovudtilkomst via Fv. 161 er framtidig ÅDT langs Fv. 161 estimert til ca. 13 000 ÅDT i vestre del og ca. 17 000 ÅDT i austre del inn mot kryss med E39 (Sivilingeniør Helge Hopen, 2018).

4 Identifisering av moglege uønskte hendingar

Type hending	Kategori	Uønskete hendingar	Nr.	Vurdering	Liv og helse	Stabilitet	Materielle verdiar
Ekstremvær www.met.no www.yr.no	Sterk vind	1	I "appendiks til rapport nummer KVT/ØB/2009/038" - vindkart for Norge, er planområdet vist med årsmiddelvind 5,5-6,0 m/s (Kjeller Vindteknikk & NVE, 2009).	Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan gje skog- og bygningsskadar. Skadane kjem gjerne frå lausrivne bygningselement og rotvelt av skog. Sterk vind er ikkje vurdert til å utgjera ei fare for planområdet			
Flaumfare www.NVE.no	Store nedbørsmengder	2	Sidan nedbørsmålinga starta i 1900 har nedbørsmengda auka med 18% i Noreg (Hanssen-Bauer et al., 2015). Auken har vore størst om vinteren, og auken har vore størst på Vestlandet. Det er venta at på Vestlandet vil vassføringa i ein 200 års flaum sannsynleg auke med meir enn 20 % dei neste 100 åra (NVE, 2016).	Kraftige nedbørsmengder er vurdert å utgjera liten risiko for planområdet (flaum drøftast under).			
	Flaum i elv/bekk	3	Planområdet grensar mot Sjøbølva i sørvest og det er fleire mindre bekkar innanfor planområdet. Sjøbølva ligg frå kote +55 og lågare, mens den lågast liggande utbygginga i planområdet ligg på kote +61. Bekkane som ligg i LNA-området ligg lågare i terrenget med omsyn til planlagt utbygging.	Flaumfare i elv/bekkar er ikkje vurdert å utgjera ei fare for planlagt tiltak.			
	Flom i vassdrag/innsjø	4	Innanfor planområdet ligg det fleire mindre innsjøar; Ospelitjørna, Langlitjørna og Hestatjørna. Planlagt utbygging ligg høgare i terrenget enn desse innsjøane. Flaum i innsjøar blir derfor ikkje vurdert å utgjera ein fare for planlagt tiltak.				
	Urban flaum/overvass-handtering	5	I byar og tettbygde strøk er det kraftig nedbør i løpet av kort tid som forårsakar flest skader. Ved store eller intense nedbørsmengder vil overvatn utgjera ein risiko for flaumskadar.				X
Skredfare	Flaum/springflaum	6	Planområdet ligg ikkje til sjø				
	Steinsprang	7	Planområdet er i databasen til NVE «skrednett» ikkje angitt som utløysingsområde eller utløpsområde for steinsprang (NVE, 2018). Dette samsvarer med terrenghellingsanalysa utført for området (Figur 6).	Utarbeidning av tomter omfattar endringar av eksisterande terren og enkelte av tomtane vil liggja tett på større skjeringar. Fjellskjeringane må sikrast for steinsprang og utglidinger av blokker før bygg kan oppførast.			
	Lausmasseskred	8	Etter planering av tomter er ikkje skråningar eller fjellparti vurdert å utgjera ei fare for planlagt utbygging.	Planområdet er i databasen til NVE «skrednett» ikkje angitt som utløysingsområde eller utløpsområde for lausmasseskred (NVE, 2018). Ved terrenghelling over 25° er det sannsyn for at jordskred kan førekamma.			

			<p>Terrenghellingsanalyse av eksisterande terregn visar at det er enkelte kollar som har ei helling på over 25° og derfor kan utgjera ei fare for skred.</p> <p>Planområdet består av eit tynt dekke med lausmassar.</p> <p>Før bygginga tiltek i området vert skrentane planert. Eventuelle fjellskrentar vert sikra. Det er dermed ikkje vurdert at området er utsett for skredfare.</p>		
	Is og snøskred	9	<p>Planområdet er ikkje vurdert å vera utsett for is- og snøskredfare.</p> <p>Dei klimatiske tilhøva på Vestlandet fortel at det ikkje er sannsynleg at det vert bygt opp store nok mengder med snø slik at eit snøskred skal førekommme i planområdet. Området består av tettiskog, noko som senkar akkumulasjonspotensialet til snø.</p>		
	Kvikkleireskred	10	<p>Planområdet ligg ikkje under maringrense (NGU, 2018). Det er dermed ikkje avsett kvikkleire innan for planområdet.</p>		
	Historiske hendingar	11	<p>Det er ikkje registrert historiske skredhendingar innanfor planområdet (NVE, 2018).</p>		
Andre uønskt hendingar	Setningar og utglidinger	12	<p>Bygg skal fundamenteras direkte på berggrunn eller på fyllmassar av sprengstein. Det er eit tynt dekke av lausmassar innan for planområdet. Det er ikkje venta at setningar skal utgjera ei fare.</p>		
	Forureina grunn	13	<p>Det er ikkje registrert forureina grunn innan for planområdet.</p>		
	Radon	14	<p>Planområdet ligg i NGU sitt aktsemdkart for radon innanfor «Moderat til låg aktsemgrad». Eit lite område i vest er vist med høy aktsem. Berggrunnen i området er gabbro, basalt og stadvis amfibolitt. Desse bergartane inneheld vanlegvis ikkje store førekommstar av radioaktive grunnstoff. Området med høg aktsem for radon følger moreneavsetningar.</p> <p>Ved nybygg er det krav om etablering av radonsperre og tiltak i byggegrunnen for å redusere radonkonsentrasjonen i inneluft. Ved gjennomførte tiltak er ikkje radon ein potensiell risiko for planlagde bygningar.</p>		
Forureining	Drikkevasskjelde (brønnar etc.)	15	<p>Det er registrert ein brønn innanfor planområdet (NGU, 2018). Under anleggsarbeidet er det viktig å sikre at avrenning-/tilsigtsituasjon ikkje vert endra da det kan føre med seg forureining/forringing av brønnen som drikkevasskjelde.</p> <p>Planområdet skal etablerast med kommunalt vatn som alle bygg skal koplast til. Etter anleggsfasen vil brønnen ikkje verte nytta som drikkevasskjelde..</p>		
	Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l.	16	<p>Ospelitjørna, Langelitjørna og Hestatjørna ligg innanfor planområdet, og er vurdert som sårbare innsjøar. Det er ikkje planlagt tiltak som vil medverka til avrenning av forureina vatn til innsjøane.</p>		
	Nedbørsfelt	17	<p>Det er ikkje planlagt tiltak som vil medverka til avrenning av forureina overvatn. Planlagt arealbruk næring, industri og bustader: overvatn generert på tomta blir vurdert som reint.</p> <p>Under anleggsfasen vil det være auka sannsyn for forureining av nedbørsfelta.</p>		X
	Luft, støv, partiklar/røyk	18	<p>Det er ikkje registrert støv, partiklar eller røyk frå verksemder i eller kring planområdet.</p>		

	Støy	19	Det er ikke registrert støy fra næringsverksemd i nærleiken av planområdet.		
Transport	Ulykker på veg	20	Lyseparken legg til rette for opptil ca. 12 000 nye arbeidsplassar. Dette er venta å gje ei auke i ÅDT på ca. 7000 langs Fv. 161. I tillegg vil ÅDT auke på vegnettet i Lysefjorden. Det er fleire nye reguleringsplanar som er under utarbeiding like vest for Lyseparken. Desse vil vera med å auke ÅDT langs Fv. 161 gjennom Lyseparken.	X	
	Ulykker på bane, luft og sjø	21	Planområdet grenser ikkje til sjø, og det er ikke transport på bane i nærleiken til planområdet. Næraste flyplass er Flesland lufthamn og Vaksinen småflyplass. Det er ikke planlagt bygg eller installasjonar som kan komme i konflikt med luftfartstrafikk. Planområdet blir ikkje vurdert som utsett for luftfartsulykker.		
	Utslepp av farleg stoff	22	I TØls rapport "Kartlegging av transport av farleg gods i Norge", 2013 er Fv. 161 angitt med total mengde på 1228 tonn/m³ transportert farleg gods (TØI, 2013). Planområdet blir ikkje vurdert som utsett for ulykker med farleg gods.		
	Støy	23	Planområdet er utsett for vegtrafikkstøy frå E39 og Fv. 161, samt frå interne vegar (SWEKO, 2018).		
Næringsverksemd	Utslepp av farleg stoff	24	Det er ikke registrert næringsverksemd i nærleiken av planområdet som kan medføra utslepp av farleg stoff (Miljødirektoratet, 2019).		
	Akutt forureining	25	Det er ikke registrert næringsverksemd i nærleiken av planområdet som kan medføra akutt forureining (Miljødirektoratet, 2019).		
	Brann , eksplosjon i industri	26	Det er ikke registrert eksplosjonsfarlege verksemd i eller kring planområdet. Det er ikke planlagt eksplosjonsfarleg verksemd innanfor planområdet (Miljødirektoratet, 2019).		
Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	27	Planområdet er hovudsakleg omgitt av barskog. Skogen er i DSB sin database ei blanding av eldre skog (41-80år) og gammal skog (>81år) (DSB, 2018). Ung furuskog på skrint jordsmønn i skrånande terreng er vegetasjonstypen som utgjer den største skogbrannfarene. Planområdet vert ikkje betrakta som særleg utsett for skog- og vegetasjonsbrann etter anleggsfasen.		
	Brannfare i bygg	28	Alle bygg følger byggeteknisk krav i TEK17. Nye bygg i planområdet er ikke vurdert å vera særleg utstatt for brann.		
Eksplosjonsfare	Eksplosjon i industriverksemd	29	Det er ikke planlagt næringsverksemd som fører til auka fare for eksplosjon innanfor planområdet.		
Beredskap	Brann	30	Planområdet blir dekka av Os Brannstasjon som ligg ca. 6 km frå planområdet. Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann- og redningsetatar.		
	Ambulanse	31	Planområdet vert dekka av Os legevakt og av Os Ambulanseteneste som ligg ca. 6 km frå planområdet. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekt av nødhjelpstatar.		

5 Vurdere risiko- og sårbarheit

Potensielle uønskte hendingar som er identifisert i kap. 4, vert omtala i følgande kapittel. Omfang og kor i planområdet hendinga kan finne stad vert omtalt.


Dersom det er særlege eigenskapar og lokale tilhøve frå omtalen av planområdet, aktuelle risiko- og sårbarheitstilhøve som kan påverke hendinga og hendingsforløpet (t.d. følgjehendingar) skal dette omtalast.

5.1 Store nedbørsmengder og urban flaum/overvasshandtering

Nr. 2 og 5	Store nedbørsmengder og Urban flaum/overvasshandtering											
<u>Omtale</u>												
Sidan nedbørsmålingane starta i 1900 har nedbørsmengda auka med ca. 18 % i Noreg. Auken har vore størst om vinteren, og auken har vore størst på Vestlandet. I Noreg kan ekstremnedbør forårsakast både av kraftige lokale regnbyer og av storstilte frontsystem. På Vestlandet er det vanlegvis frontsystem i samband med lågtrykk inn frå Atlanterhavet som gir store nedbørsmengder over eit døgn eller meir over større områder.												
